



Kommunane i Møre og Romsdal

Invitasjon til møte om Kompetanseløftet januar 2014

Tid: 21.januar 2014
Stad: Quality Hotel Alexandra, Molde

Vi viser til St.meld.nr.25 - *Omsorgsmeldinga*, Omsorgsplan 2015, St.meld.nr.29 - Morgendagens omsorg og Kompetanseløftet 2015. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er ansvarleg for oppfølging av Kompetanseløftet 2015 når det gjeld mellom anna *tilskot til utdanningstiltak* i kommunane.

Kommunane skal kvart år i planperioden rapportere om resultat- og plantal for utdanning av tilsette i omsorgssektoren via fylkesmannen til Helsedirektoratet innan 1. februar. Vi viser her til tidlegare utsendt informasjon.

Alle kommunane i Møre og Romsdal har oppnemnt ein kontaktperson for Kompetanseløftet 2015 (sjå vedlagt liste). Dette er praktisk av omsyn til søknadsprosedyre og koordinering av opplæringstiltak i kommunen. Vi ber om at kommunen gjev melding dersom det er gjort endringar når det gjeld kontaktperson, slik at vår liste blir oppdatert og kommunen ikkje går glipp av viktig informasjon. Som samarbeidspart ser vi det som viktig å ha god dialog med kommunane og spesielt dei som er oppnemnt til kontaktpersonar.

Vi inviterer difor kontaktpersonen og ein person til frå kvar kommune, til møte den 21.januar.

På møtet kjem Tonje Thorbjørnsen, prosjektleiar for Kompetanseløftet i Helsedirektoratet. Ho vil mellom anna informere om status og vidare satsing.

Møtet vil vare frå kl. 10.00 til 15.00 og det blir servert lunsj.

Påmelding innan 12. januar 2014: fmmr.no

Med helsing

Marit Hovde Syltebø (e.f.)
Ass. direktør

Greta I. Hanset
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Oversikt over kontaktpersonar Kompetanseløftet